



www.voss.kyrkja.no

Nr 6 | 2021 | 80. årg

KYRKJENYTT

for Vossabygdene



5

HELGEMESSE

6

MISJONS-
PROSJEKTET

8

MINISING
STARTAR OPP
ATT!



DE HISTORISKE



Asta, Fredrik, Signe og Marie Fleischer

DÅP, KONFIRMASJON, BRYLLUP, MERKEDAGER OG SMÅ OG STORE SELSKAP

T: 56 52 05 00

DET ER NOE MED FLEISCHER'S

Hit kom de, prinser og prinsesser, konger og dronninger, fyrster og keisere. Til Voss. Til sin forbauselse ankom de så et hotell med en forunderlig velkjent atmosfære av fornemme, kontinentale vaner, av dannet gjestfrihet.

MED TRADISJON FOR STORSLAGNE BEGIVENHETER



FLEISCHER'S HOTEL
ANNO 1864





56 52 05 00 hotel@fleischers.no fleischers.no

Om Kyrkjennytt:

Kyrkjennytt vert utgjeve av Voss Kyrkjelege Fellestråd saman med sokneråda i Evanger og Bolstad, Voss, Raundalen, Oppheim, Vinje og Granvin.

I redaksjonsnemnda sit Anne Marie Haugen, Heidi Hisdal, Gunn Horvei, Randi Kløve (red), Einar Melve og Margunn Mørkve.

Grafisk produksjon: Randi Kløve
Trykkeri: Molvik Grafisk AS
Opplag: 7300 eksemplar

Kyrkjennytt for Vossabygdene vert gjeve ut som fulltdistribusjon. Det tyder at det vert lagt i postkassene til alle husstandar i Voss Herad.

Kyrkjekontoret på Voss:

Opningstider er 09:00 - 15:00 alle dagar utanom onsdag, då er opningstida 10:00-15:00. Me er også tilgjengelege både på telefon og e-post, sjølvstgt.

Har du behov for å snakke med nokon, ta kontakt!

Besøksadresse: Uttrågata 5

Postadresse: Voss kyrkjelege fellestråd, PB 49, 5701 Voss.

Opningstider: måndag-fredag 9-15. (onsdag 10-15).

Telefon: 56 52 38 80

www.voss.kyrkja.no

E-post: post.voss@kyrkja.no

Kontonr: 3480.16.45293

Gravplassadministrasjonen i Voss herad har kontor i Uttrågata 5 (Kyrkjekontoret), tlf 56 52 38 80. Leiar er kyrkjevevje Svein Tøsse, mobil 959 79 905.

Voss kyrkjelege fellestråd:

Kyrkjevevje Svein Tøsse

tlf 959 79 905. E-post st545@kyrkja.no

Kontorleiar Vibeke Lemme

tlf 922 45 274. E-post vl454@kyrkja.no

Kateket Rønnaug Eng Skjeldal

tlf 952 62 025. E-post rs625@kyrkja.no

Trusopplæringsmedarbeitar Åshild Bøe

Kharazmi, tlf 952 98 681. E-post ak649@

kyrkja.no

Kyrkjelydspedagog Camilla M Velsvik

tlf 995 18 194. E-post cs222@kyrkja.no

Diakon Sigrid Djukastein Mala

tlf 478 49 134. E-post sm435@kyrkja.no

Ungdomsprest Vetle Leksbø

tlf 947 93 477. E-post vl555@kyrkja.no

Kantor Astrid Gjestvang

tlf 958 56 414. E-post ag678@kyrkja.no

Organist Frode Vik

tlf 952 62 084. E-post fv586@kyrkja.no

Organist Ellen Marie Selland Geithung

tlf 980 64 594. E-post eg395@kyrkja.no

Kyrkjetenar på Bolstad Anny Forthun

tlf 481 36 520

Kyrkjetenar på Evanger June Mykkeltvedt

Kyrkjetenar på Voss Thomas Velsvik

tlf 414 75 383

Kyrkjetenar i Granvin Ingvild Baartvedt,

tlf 468 98 970

Kyrkjetenar på Oppheim og Vinje Trond

Olav Neteland, tlf 957 02 327

Gravar Vidar Bryn

tlf 996 00 940

Oppsynsmann for kyrkjegardane Hege

Ukvitne, tlf 918 74 201

Redaktør i Kyrkjennytt Randi Kløve

tlf 952 06 177. E-post rk858@kyrkja.no

Kontormedarbeidarar Idunn Holen og

Lene Brunborg.

Prestetenesta:

Prost i Hardanger og Voss, og fung.

sokneprest i Voss Arild Hellesøy

tlf 906 99 533. E-post ah539@kyrkja.no

Sokneprest i Ulvik og Granvin Magnar

Haaland

tlf 415 46 366. E-post mh977@kyrkja.no

Sokneprest i Vinje, Oppheim og

Raundalen Cato Torsvik

tlf 974 23 459. E-post rt682@kyrkja.no

Sokneprest i Evanger og Bolstad Frode

Kvamsøe

tlf 901 96 514. E-post fk796@kyrkja.no

Prostiprest Arnulf Sandvik

tlf 416 75 653. E-post as794@kyrkja.no

Prestevikar Bengt Arvidsson

tlf 902 58 161

Soknerådsleiarar:

Evanger: Nora Mykkeltvedt, tlf 952 79 970

Voss: Bjørg Helland, tlf 938 56 326

Oppheim: Monica Gudrun Hansen,

tlf 957 58 204

Vinje: Ståle Hirth, tlf 950 81 902

Raundalen: Johnny Lemme, tlf 401 82 912

Granvin: Sigvor Melve Schrey, tlf 911 32 608

Bilete:

Framsida: Randi Kløve. S 3: Nick Sheerbart, Unsplash.com. S 4: Andres F. Uran, Unsplash.com. S. 12: Sharon McCutcheon, Unsplash.com.

Neste nummer; Jolekveld i Kyrkjelyden, kjem i veke 48. Frist for melding om stoff er torsdag 11. november.



Lyden av noko nytt

Av Rønnaug Skjeldal

Lyden traff mannen så han skvatt til. Det suste i trea, det kvitra i lufta, det klukka i ein bekk, det var stemmer frå fleire menneske på andre sida av haugen. Han hadde aldri opplevd maken. Og framfor han sto mannen som nett hadde putta fingrane sine i øyra hans og som hadde rørt ved tunga hans.

Det spreidde seg ei varm glede i mannen. Det starta i magen og risla ut i armar og bein. Opp i hovudet og ut av munnen i eit kort jubelrop. Han var overraska sjølv av lyden. Var det hans stemme? Den hadde han aldri høyrd før. Og brått gjekk det opp for han – han kunne høyre. Han kunne forstå kva som vart sagt. Og han kunne snakke slik at dei andre forsto han.

Livet hans vart brått heilt forandra. Livet til familien hans vart brått mykje lettare. Tankane raste rundt i hovudet hans. Aldri hadde han opplevd ein slik augneblink.

Då han hadde fått summa seg litt måtte han takka. Han møtte dei smilande auga til Jesus, men fann knapt orda som kunne romme all takken han hadde inne i seg. Og dei andre, dei som hadde tatt han med til Jesus, dei var like glade, like forundra. Han kunne sjå at Jesus delte gleda med dei.

Så gav han dei det heilt umogelege forbodet. Dei fekk ikkje lov å fortelje dette til nokon. Kvifor i alle dagar sa han det? Gjekk det an å ikkje fortelje noko så stort? Alle som kjende den døde kom jo til å oppdage at han høyrde. Dei kom til å skjønna alt

han sa. Korleis kunne dei tru at ikkje naboane oppe i gata ville fortelje at mannen hadde fått både høyrsel og tale fiksa? Korleis skulle dei kunne skjule ei slik glede?

Dei kunne ikkje det. Forteljinga om mannen som ikkje kunne høyre og hadde vanskeleg for å tale har spreidd seg gjennom land og tid. Over heile verda kan folk lese om det som hende denne eine mannen. Den står fortald i Markus 7,31-37.

Forteljinga står der som eit eksempel på kva Jesus gjorde for menneske han møtte. Eit eksempel på at Jesus gjorde umogelege ting. Som eit eksempel på det gode Jesus gjorde. Det var det menneska såg – at det skjedde gode ting der Jesus var.

Dei fleste som kom nær Jesus fekk livet sitt endra. For meg ser det ut som den endringa alltid var til det gode. Dei som møtte Jesus vart betre utgåver av seg sjølve. Dei vart tryggare, gladare og opnare for andre.

Skal tru om ikkje det same kan skje i dag? Skal tru om ikkje Jesus kan opne øyrer slik at me verkeleg kan høyre det andre seier bak alle orda? Skal tru om han ikkje kan hjelpe oss å tale slik at me ikkje misforstår kvarandre? Skal tru om ikkje Jesus kan gjere under i kommunikasjon mellom menneske som både har høyrsele og snakketøy i orden? Skal tru om me ikkje oftare burde gå til Jesus og be om hjelp?

Sorggruppe og samtale

På Voss har me tilbod om sorggruppe og samtale.

Me håpar starte opp att med ny sorggruppe i haust.

Sorga har mange uttrykk og rammar ulikt. Samstundes er det slik at sorga møter oss alle. Nokon gonger er det mi eiga sorg som er sterkast, andre gonger møter eg andre som sørgjer.

Å vere i sorg er krevande og gjer vondt, men det er naturleg når vi misser ein som stod oss nær. Men etter ei tid kan det vere godt å dele sorga og saknet med andre som og er i sorg. I ei sorggruppe. Mange som har delteke i sorggruppe har opplevd det som ei god støtte i ei vanskeleg tid.

Gjennom koronapandemien veit me at mange har opplevd det spesielt vanskeleg. I sjukdom, på dødsleiet, gravferda og etterpå.

I gruppa kan me dele erfaringar med kvarandre

- Me tek opp ulike tema knytt til sorg, både helsemessige og praktiske.
- Gruppa vert leia av prest og diakon.
- Alle som deltek har teieplikt.

Sorggruppe er gratis og går over 10 kveldar.

Kan dette vera aktuelt for deg eller andre, ta gjerne kontakt med oss!

Diakon Sigrid Djukastein Mala,
tlf: 478 49 134
mail: sm435@kyrkja.no



Einsam

Det kan være einsomt å syrja,
Einsamt sjølv saman med andre.

Ingen kan tenke tankane mine.
Ingen kan gråte tårene mine.

Ingen kan kjenne saknet mitt.

Eg må også syrja åleine på min måte
For å finna min veg gjennom sorgas landskap.

Dikt av Ragnhild Bakke Waale.



Helgemesse og Allehelgensdag

Sundag 7. november er det helgemessegudsteneste i alle våre sokn. Der inviterar me pårørande og familie til ei minnegudsteneste med rom for sorg og sakn.

For mange er helgemessesundag – allehelgensdag ein minnedag, då tankane våre går til dei som ikkje lenger er mellom oss. Mange går til kyrkjegarden, på grava eller minnelunden denne dagen, for å minnast dei som er døde og å tenna lys. Vi i kyrkja ser ikkje berre dei vakre lysa, vi ser òg at livet er skjørt og får ta del i håpet om evig liv. Denne helga vert liva våre sette i ein større samanheng.

I gudstenesta vil me minnast og lesa opp namna på dei som er gravlagde i sitt sokn sidan sist

helgemessesundag, i innramming av vakker musikk. For nokon har det nesten gått eitt år, for andre kortare tid, for dei fleste vil det opplevast som kort tid der saknet er sårt. Me ynskjer difor å invitera dykk til ei stille stund i kyrkja på helgemessesundag, der de er omgjevne av menneske og Gud i sorga.

Me sender ut ein invitasjon via brev til dei som er pårørande, men alle er sjølvsaugt velkomne!

Det vil ellers bli annonsert i “Avisa Hordaland” og på plakatar.

Har de spørsmål må de gjerne ta kontakt!

De er alle hjarteleg velkomne!

Diakon Sigrid Djukastein Mala

Minnegudsteneste i	Evanger Kyrkje søndag 7.november	kl.11.00.
Helgemessegudsteneste i	Raundalen kyrkje søndag 7.november	kl.17.00.
Helgemessegudsteneste i	Vinje kyrkje søndag 7.november	kl.19.30.
Helgemessegudsteneste i	Granvin kyrkje søndag 7.november	kl.20.00.
Minnegudsteneste for Voss i	Vangskyrkja søndag 7. november	kl.17.00.

Gjevarteneste for Voss sokn

Voss sokn har starta opp att arbeidet med gjevarteneste. Dei gåvene me får av dette vil gå til å styrke og vidareutvikle det gode arbeidet som allereie blir gjort i vårt sokn. Ein kan velje mellom fire forskjellige føremål å gje til, alt etter kva ein vil støtte. Ein kan gje til vårt arbeid for born og unge på Voss, arbeid innan kyrkjemusikk og kultur for alle aldersgrupper, eller ein kan støtte vårt diakonale arbeid, som mellom anna er seniortreff, sorggrupper og samtalegrupper for både vaksne og unge. Ein kan også støtte soknerådet meir generelt i arbeidet, då går pengane til alt arbeid innan soknet.

Her er kontonummer:

Gjevarteneste born og unge:	3480 13 23547	(Vipps: 695862)
Gjevarteneste kyrkjemusikk og kultur:	3480 13 23555	(Vipps: 562609)
Gjevarteneste diakoni:	3480 13 23563	(Vipps: 695863)
Gjevarteneste generelt arbeid:	3480 30 84647	(Vipps: 127376)

Kor mykje ein ønskjer å støtte arbeidet med er heilt opp til deg. Alle gåver vil bli til velsigning for vårt arbeid. Ein kan støtte oss med ein fast sum kvar månad, eller gje når ein har moglegheit.

Alle gåver til frivillige lag og organisasjonar kan gje grunnlag for skattefrådrag.



Ungdomsleiren i Blånildalen vart ein suksess

Av Britt Hernes/Misjonsnemnda



Tverrkulturell gudsteneste i St. Barnabas i Gambela. Foto: Mparany Rakotondrainy

Ungdomsleiren i Gambela var ein del av «Mao-prosjektet» som NMS støttar. I over eit år har det vore jobba med å samla unge kristne frå minorietsgruppene til denne leiren. Det har vore mange hindringar undervegs. Det var lokal uro, korona og krig mellom regjeringsstyrkane og Tigray/TPLF i Nord-Etiopia.

Å byggja solidaritet og tillit var viktig i leiren. Særleg for dei unge frå maostamma. Dei opplever diskriminering og forfylgjing i kvardagen, avdi dei er nedst på rangstigen sosialt. Også avdi dei er kristne. I leiren opplevde dei at det er mogeleg å bli godteke i eit positivt og ope fellesskap uansett etnisk bakgrunn. Og at kvar sitt språk og kvar sin musikk kan brukast til å prisa Gud.



Shaftu takker NMS for at denne leiren kunne finne stad. Foto: Mparany Rakotondrainy

Nokre av ungdomane hadde vore seks månadar i Sør-Afrika for «Ungdom i oppdrag», med støtte frå NMS.

Der hadde dei erfart å leva i eit kristent fellesskap med menneske med ulike uttrykksformer og språk. Og at mangfald er ein rikdom og ikkje ei belastning.

Alle deltakarane ynskte å møtast igjen, sjølv om det ikkje er lett i eit land der enno ein borgarkrig truar. Fleire deltakarar har brukt mange dagar på den farlege vegen til Gambela. For andre er fly det einaste alternativet når vegane er usikre og stengde. Det er dyrt for dei.

Likevel meiner dei unge at ei samling, som denne leiren, kan ha stor effekt og at det er verd å jobba for det.

Be om at ungdomane kan treffast og vera trygge. Be om at naudhjelp-arbeidarane må få koma fram til det krise- og svoltramma tigrafolket i Nord-Etiopia.

Voss kyrkjelyd støttar NMS/Det Norske Misjonsselskap sitt arbeid i Etiopia. Misjonsprosjektet har eigen Vippskonto: 505877.



Slepp deg laus! Her er du trygg! Foto: Mparany Rakotondrainy

SuperOnsdag

Aktuelle datoar resten av hausten 2021 er:

10. november

Arrangementa varer frå 16 til 18 kvar gong og me held stort sett til i Vonheim. Følg med på Facebook for meir informasjon!

Målet er å tilby familiar i alle fasongar eit godt måltid etter jobb, ha aktivitetar for born i alle

aldre og styrke foreldre/føresette i foreldrerolla gjennom ei kort og inspirerande undervising. Me vonar at dette arbeidet vil kunne legge til rette for nye relasjonar og bygge bru mellom generasjonar, mellom gudstenester, open barnehage, trusopplæring, og andre fellesskap på Voss.

Vossestrand barnekor

9.september starta koret oppatt med øvingar. Kvar torsdagskveld møter 13 songglade born i alderen 5 til 11år i Vinje kyrkje. Her syng me mykje saman, me leikar og me har av og til kveldsmat saman. I haust jobbar me fram mot å få syngja på T5-gudstenesta, og jolekonserten «Me syng jola inn» fyrst i desember.

Babysong

I haust har 9 mødre vore innom babysong i kyrkjestova på Oppheim. Me syng for og med borna, og let dei ta del med rørsler, dans og rytmeinstrument. Ei kosetund saman for mor og barn. Siste babysong tek me på Vossestrand Omsorgstun, 21.oktober. Til stor glede for både små og store.



Tekst og foto: Ellen Marie Geithung-Selland

TRENG DU NOKON Å SNACKE MED?

Nokre som ringer tenkjer på å ta sitt eige liv, andre er usikre, einsame eller redde.
Nokre treng berre å slå av ein prat.

Ring eller skriv: Vi er her. Alltid. kirkens-sos.no

SOS
22 40 00 40

SOS
CHAT

SOS
MELDING

 **KIRKENS
SOS**

Seniortreff

Velkomen til seniortreff i Vonheim i haust!

Tysdagar kl. 12.00 – 14.00.

På programmet vert det varierte kulturelle innslag og tema, andakt og allsong, eit godt måltid og ein god kopp kaffi med litt å bite i rundt fint pynta bord og godt selskap.

Pris kr.100,-

Har du bruk for skyss har me kjekke skysskarar som både kan hente og bringe deg.

Ring 478 49 134, gjerne kvelden før.

9. november kl. 12 -14

“Dugurdskvile av Prøysen”. Kantor Astrid Gjestvang.

7. desember kl. 12 -14

Programmet er ikkje fastsett enno.

Voss Kyrkjeakademi onsdag 10. november kl. 19

«Dialog i Midtausten - og samfunnet elles»

Trond Bakkevig vil snakka om sine erfaringar frå samtalar og samarbeid mellom religiøse leiarar. Og kor dette har vore med i hans engasjement for at Oslo, og Norge, kan bli ein by og eit land som lever godt med ei fleirreligiøs og fleirkulturell verkelegheit.

I kvardagen løyser me utfordringar og små usemjer med samtalar – eller dialog. Men den langvarige dialogen er nødvendig for å byggja den tilliten som skal til før partane kan begynna samtalen om å byggja samfunn der folk kan leva i fred med kvarandre. Erfaringa hans viser at det er når me ser kvarandre i augo, stiller spørsmål, kanskje saman leita etter svar, det er då me byggjer tillit.

Hurra! MiniSing startar opp att!

Torsdag 28.10 startar me opp att med MiniSing i Vangskyrkja! Det vert øving frå 17:30 til 18:30.

Mini-Sing passar frå 4 år og oppover til ein går i 5. klasse omtrent. Me øver kvar torsdag fram mot jul.

Har du spørsmål kan du ta kontakt med Åshild på mobil 952 98 681.

Hjarteleg velkomne til både nye og gamle songarar!

Trusopplæring i kyrkjene våre

T-DAG


f Trusopplæringa i Voss

Desse sidene er avsett til trusopplæringa i Voss.

Trusopplæringsdagane kallar me T-dagar. Målet er at alle døpte eller tilhøyrande i Den norske kyrkja skal bli inviterte til ein T-dag i kyrkja sin regi minst ein gong i året fram til dei fyller 18 år.


På desse sidene vil de finna informasjon om komande T-dagar, reportasjer frå det som har skjedd, oppgåver og konkurransar.

T16 T17 T18 Tacoparty




Omtrent 20 ungdomar møtte då me arrangerte tacoparty for 16-18-åringane frå heile heradet. Ein fantastisk gjeng frå ulike stadar og ulike miljø i bygda.

Me hadde input om korleis Gud kan bidra "inn, ut og opp". Inn i oss sjølv, ut i verda og opp mot Gud. Ettermiddagen vart avslutta i kyrkja med bøn og song. Ein tur i krypten vart det òg.



T1 T2 T3 T4 T5 T6 T7 T8 T9 T10 T11 T12 T13 T14 T15 T16 T17 T18



Undretur og utdeling av bok




26. september var tre- og fireåringane på Vossestrand inviterte til Vinje kyrkje.

Treåringane fekk vandra rundt i kyrkja og sjå, ta på og oppleva dette store rommet.

Noko av det kjekkaste var kanskje å få prøva å laga lyd i orgelet. Ellen Marie viser gjerne korleis ho gjer det.

Same dagen var fireåringane inviterte til gudsteneste for å få sin eigen barnebibel. På gudstenesta vart det diverre ikkje teke bilete.



Krølletreff

3. oktober var toåringane på Evanger, i Granvin, i Raundalen og på Voss inviterte til teaterforestilling i Vonheim. Klovnanne Tipp og Topp kom ramlande inn for å fortelja om Krølle - lammet som hadde rota seg aldeles heilt vekk.

Toåringane fekk vera med å leita og før dei gjekk, fekk dei med seg si eiga bok om Krølle.




T1 T2 T3 T4 T5 T6 T7 T8 T9 T10 T11 T12 T13 T14 T15 T16 T17 T18



BARNAS_{side}


Hjelp Krister Grønkrabbe

Han må finne ut kvar forureininga i Paradisbukta kjem frå. Kva for eit rør må han følgje?



Fargelegg

Jesus elsker alle barna!



Finn 5 feil

Dei to bileta er nesten like. Finn du dei fem feila på biletet til høgre?



Teikning: Kari Sortland



Abonnér på barnebladet



BARNAS

16 blader + DVD eller bok
= berre 365,-

(privatabonnement
heim i posten)

Gruppeabonnement berre 199,-
per barn

Ting på barnas@sondagsskolen.no eller på telefon 22 08 71 00



Bibelteikneseriar
og gøyale aktivitetar!

Perfekt som
faddergåve!

T₁ T₂ T₃ T₄ T₅ T₆ T₇ T₈ T₉ T₁₀ T₁₁ T₁₂ T₁₃ T₁₄ T₁₅ T₁₆ T₁₇ T₁₈

A photograph of a dark, winding road with yellow double lines, surrounded by tall evergreen trees in a foggy environment. The text is overlaid on the upper half of the image.

Eg vil gjera deg vis og læra deg
den vegen du skal gå,
eg vil la mitt auge kvila på deg
og gje deg råd.

Salmane 32, 8

Miljøet i kyrkjelyden

Tekst: Kari Bye

«Du må gjera kyrkja di grøn,» var det ein som sa på ein konferanse i Oslo for ein del år sidan. Det var fleire omkring i landet som hadde kome til at Kyrkja måtte vera med å ta ansvar for ei såra verd. «Kristi kjærleik kan aldri isolerast til tankane og orda si verkelegheit,» kunne ein lesa i eit skriv frå Kyrkjeleg nettverk for miljø, forbruk og rettferd.

Å vera «grøn» er å vera berekraftig. I naturen er det sjølvsagt og synleg. Det som er levande er grønt. Men er ein kyrkjelyd levande og berekraftig om ein fylgjer «grøne reglar» for forbruk, avfall, transport m.m.? Er miljøet i kyrkjelyden «grønt»? Me er velsigna med eit berekraftig kyrkjebygg frå


1200-talet, som har vore sjølvsagt tilgjengeleg for alle, utan å ha medansvar.

Kyrkjerommet i Vangskyrkja er stort og vakkert, dei mindre kyrkjene i bygda vår har sine særeigne interiør. Men det er miljøet i kyrkjelyden som skapar liv, og som kan vera med å tilføra eit lokalsamfunn berekraft. Miljøvern gjeld ikkje berre naturen omkring oss, men også sjølv menneske, som er medskapar av miljøet me lever i. Korleis me møter kvarandre avgjerd om det blir gode fellesskap, åndskraft som samlar oss, og berekraft for omgivnaden.



Hausttakkefest

3. oktober var det hausttakkefest i Vangskyrkja. Tusen takk til Bjørgum Bygdekvinnelag som pynta kyrkja så flott.



 VOSS SPAREBANK - skapar verdiar for deg og lokalsamfunn www.vossabanken.no - 56 52 03 00	 myrkdalen.no	 Vekselbanken - ein god medspelar - Telefon 56 52 35 00 – med tilbod til liten og stor
Du finn oss i Sverresplassen 6, 2. etg.   VESTLAND TRAFIKKOPPLÆRING	Me ordnar alt vedrørende dødsfall Sal og service av gravmonument - Formidling av blomar VIRKE GRAVFERD  Vinsands GRAVFERDSBYRÅ Telefon 56 51 11 94 – Telefax 56 51 30 67	 AZETS Azets Insight AS avd. Voss Evangervegen 3, 5704 Voss Autorisert regnskapsførerselskap visma.no/outourcing
 Melsvegen 7, 5710 Skulestadmo Tlf. 56 52 38 60	 Voss Energi -rein vossakraft!	Pianostemmer Voss På tide å stemme pianoet?  pianostemmervoss.no Tlf. 99 43 53 36
Di annonse her? Ta kontakt med Kyrkjentytt! Send ein e-post til: rk858@kyrkja.no eller ring 952 06 177.	 Kiwi Vangen Tlf. 56 51 27 35	GRAVSTEIN Nye gravmonument, tilføyningar og oppussing – ta kontakt med:  Per Vinje – Tlf. 56 51 69 88 – 908 52 099
Nordhordland Begravelsesbyrå AS Ring oss på tlf. 56 37 14 10 eller sjå www.nordh-bb.no VIRKE GRAVFERD  KYRKJEVEGEN 1 5911 Alversund FREKHAUG: Havnevegen 31, 5918 Frekhaug AVD. VAKSDAL: Tlf. 56 99 25 70 Me går saman med deg heile vegen	 Voss Blomster handel Tlf 56 51 31 96	Voss Bokhandel Vangsgata 27, 5700 Voss Tlf. 56 51 11 16
Din røyrleggjar i sentrum  Helge Nikolaisen A/S Installasjon - Service - Vedlikehald Velkomen i butikken! Tlf. 56 51 26 28 Vangsgt. 4, 5700 Voss	 VAKSDAL BLOMSTER OG BEGRAVELSESBYRÅ AS Vi ordnar alt vedrørende dødsfall. Kransar, oppsatsar og bårbukettar fritt levert til gravferda. Gravmonument. Tlf. 56 59 74 70 - Mobil. 911 79 766	 Padlekurs på Elv og Hav – Teambuilding www.vaattogvilt.no - Tlf 91374995
Di annonse her? Ta kontakt med Kyrkjentytt! Send ein e-post til: rk858@kyrkja.no eller ring 952 06 177.		Anleggsgartnar og trepleiar  GUNNAR LILLETHUN Tlf. 901 19 315 • www.lillethun.no

Kyrkjelege handlingar

DØYPTE

Voss sokn:

19.09.2021 Sverre Ludvigsen
19.09.2021 Matias Hommedal Pedersen
19.09.2021 Helle Jørgensen Høgheim
30.09.2021 Johanna Ama Gjøstein
03.10.2021 Heidi Joanesarson
03.10.2021 Arian Nestås-Sirait
03.10.2021 Markus Kyte
03.10.2021 Sander Haugen Grimsland

03.10.2021 Ola Rennemo
03.10.2021 Kristian Salbu Wåler

Raundalen sokn:

05.09.2021 Eirik Kløve-Brekhus

Granvin sokn:

02.10.2021 Synnøve Ulberg Kjerland

VIGDE

Voss sokn:

18.09.2021 Sigrid Rørvik og Jan-Robert Solheim
Nienhuis
18.09.2021 Toril Hunnålvatn og Harald Haaland
(Hangurstoppen)
09.10.2021 Kathrine Buene Gangenes og Olav
Emil Eiksund

Granvin sokn:

02.10.2021 Gunhild Ulberg og Olav Kjerland

DØDE

Voss sokn:

31.08.2021 Ivar Hefte, f. 1940
31.08.2021 Mattias Slettemark, f. 1940
01.09.2021 Terje Røthe, f. 1952
06.09.2021 Jutta Irmgard Annemarie Takvam,
f. 1952
06.09.2021 Aud Jorunn Slettemark Kvitne,
f. 1950
08.09.2021 Gullborg Skutle, f. 1928
09.09.2021 Sigfrid Hefte, f. 1934

12.09.2021 Sigrid Hovda, f. 1926
12.09.2021 Sigrid Drøscher, f. 1931
20.09.2021 Jarl Sæve, f. 1938
25.09.2021 Ingjerd Havro, f. 1934
27.09.2021 Kirsten Margrethe Lillegraven, f. 1926
03.10.2021 Rolf Nilsen, f. 1935
04.10.2021 Erling Fagerbakke, f. 1927
05.10.2021 Sjur Småbrekke, f. 1921
08.10.2021 Kjell Arne Lid, f. 1944

DÅP I DEN NORSKE KYRKJA

Slik føregår barnedåp hjå oss:

- 1. Foreldre/føresette** melder barnet til dåp, helst via nettsida vår.
- 2. Presten** tek kontakt for å avtale ein samtale, ofte nær dåpsdatoen.
- 3. Dåpsamtalen** er eit uformelt møte der ein vert kjend med kva dåp er og kva kyrkja tilbyr vidare i livet.
- 4. Dåpen.** I dåpen vert barnet Guds barn, medlem av Den norske kyrkja og tatt i mot av kyrkjelyden.
- 5. Dåpsattest** er eit dokument foreldra får som viser at barnet er døypt.



Me ynskjer alle **velkomne til dåp** hjå oss, og me står gjerne til teneste, t.d. kan ein låne dåpskjole hjå oss (sjå bilete). Ta kontakt på tlf 56 52 38 80 eller sjå på nettsida **www.voss.kyrkja.no/dåp**

Gudstenesteliste

Vangskyrkja:

- 31.10 kl 1100** Folkemusikkmesse. Hellesøy.
07.11 kl 1100 Helgemesse med nattverd. Øystese.
07.11 kl 1600 Minnegudsteneste. Øystese.
07.11 kl 1800 Minnegudsteneste. Øystese.
14.11 kl 1600 Økumenisk gudsteneste med nattverd. Hellesøy.
21.11 kl 1100 Gudsteneste med nattverd. Sandvik.
28.11 kl 1100 Gudsteneste med nattverd. Hellesøy.

Evanger kyrkje:

- 07.11 kl 1100** Minnegudsteneste. Kvamsøe. Kyrjekaffi.

Bolstadøyri bedehus:

- 28.11 kl 1200** Gudsteneste. Kvamsøe.

Vinje kyrkje:

- 14.11 kl 11:00** Gudstjeneste. Sandvik.

Oppheim kyrkje:

- 31.10 kl 19:30** Gudsteneste. Sandvik.
07.11 kl 19:30 Helgemesse. Torsvik.
28.11 kl 19:30 Lysmesse. Arvidsson.

Granvin kyrkje:

- 31.10 kl 11:00** Gudsteneste. Haaland. Offer: Indremisjonssamskipnaden.
07.11 kl 20:00 Minnegudsteneste. Haaland.
21.11 kl 11:00 Gudsteneste. Haaland. Offer: Kirkens Bymisjon Voss

Raundalen kyrkje:

- 31.10 kl 11:00** Gudstjeneste. Torsvik, Velsvik.
07.11 kl 17:00 Helgemesse. Torsvik.
28.11 kl 11:00 Gudstjeneste. Sandvik.

Vær merksam på at det kan kome endringar på oppsett gudstenesteliste! Føl med i Avisa Hordaland eller på nettsida vår: voss.kyrkja.no.

Kyrkja på Voss er på Facebook. Følg oss!!



Skann meg!

Bruk ein mobiltelefon og skann denne qr-koden anten med ein qr-app eller via kamera (Apple-produkter).



Aktivitetskalender

T-dagar:

- 30. oktober:** T9-13 for Raundalen sokn.
31. oktober: T3, T4 og T5 for Raundalen sokn.
14. november: T5 jolekrybbeverkstad for Vinje og Oppheim sokn.
15., 16. og 17. november: T5 jolekrybbeverkstad for Voss sokn.
19. november: T10 og T11 Lys Vaken for Granvin sokn.
19. november: T11 Lys Vaken for Vinje og Oppheim sokn.
20. november: T3 Undretur for Granvin sokn.
20. november: T5 Jolekrybbeverkstad for Granvin sokn.

- 21. november:** T4 Utdeling av barnebibel for Granvin sokn.
26. november: T11 Lys Vaken for Voss og Raundalen sokn.
28. november: T3, T4 og T5 for Evanger og Bolstad sokn.

Seniortreff i Vonheim:

9. november kl 12-14.

7. desember kl 12-14

Meir info i Avisa Hordaland når det nærmar seg.

Superonsdag:

10. november kl 16-18